


# Fitjar Kyrkjeblad

nr. 4 — juni 2015 — 38. årgang



**Campanolog Terje de Groot med ei  
av Noregs eldste kyrkjeklokker.**



DEN NORSKE KYRKJA

**Kyrkjekontoret**

postboks 10,  
5418 Fitjar

telefon: 53 45 85 00

fax: 53 45 85 31

e-post: [kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)

**Kontortider:**

tysdag - torsdag - fredag

kl.10:00 - 14:00

onsdag kl.12:00 - 15:00

**Kyrkjevevjerje**

Rydland, Harald 913 47 802  
[kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)

**Sokneprest**

Oma, Olav J. 906 38 825  
[olom@fitjar.kommune.no](mailto:olom@fitjar.kommune.no)

**Kyrkjelydspedagog (vikar)**

Johannes Olsen 913 61 574  
[jool@fitjar.kommune.no](mailto:jool@fitjar.kommune.no)

**Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar**

Skumsnes, Kristian 992 23 972

**Fellesrådsleiar:**

Fitjar, Rasmus 918 24 158

**Soknerådsleiar:**

Aarskog, Torunn 404 04 146

**Soknerådsbarnehage Styrar**

Aarskog, Torunn 404 04 146  
kontor 53 22 26 00  
[bakken.barnehage@haugnett.no](mailto:bakken.barnehage@haugnett.no)

**Konfirmantlærarar**

**Fitjar kyrkjeblad**

kontonr. 3546. 30.13568

**Gåver til nytt orgel**

kontonr. 3520.64.83812

**Gåver til kyrkjelydsarbeidet**

kontonr. 3546.07.04195

# Korleis laga ein sti



**Det var yngste guten min som spurde:**

**"Korleis lagar vi ein sti? Er det berre å trakka ein stad?" "Ja, på ein måte er det slik", sa eg, "men ein må gå der, mange gonger og lenge for at det skal bli eit tydeleg trakk der menneske kan finna fram".**

**Olav J. Oma**

Eg trur årsaka til at han spurde var at i hagen heime var det no blitt ein sti, frå flaggstonga i vest, opp i austre enden av hagen, og tilbake att på andre sida av trampolinen. Der hadde eg gått, mange gonger, kvar dag i vekevis. Ein lei isjias gjorde gåing på mjukt underlag til einaste form for trim. Så gjekk eg då, fram og tilbake, fram og tilbake. Etterkvart kom stien fram.

På stien har vi gått saman. Borna mine har sprunge framfor og eg lunta etter, kona mi har vore med, mor har og gått runden, Nobu og.

Men mest har eg gått åleine. Meter for meter, minutt vart til timar, dag etter dag, men eg har ikkje vore åleine likevel. For saman med meg har han gått, han som aldri sviktar, han som ikkje kan forneakta seg sjølv, han som er den mest trufaste og beste ven nokon kan ha.

Når vi har gått der, har vi snakka og vore stille. Eg har klaga, eg har takka og sunge, kjent på sorg, men og jubel. Eg har sett våren. Graset og blomane på marka som kom, epleblomane, løna som spring ut, og eg har visst at han var der heile tida, for det har han lova: "Sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står."

Heilt nær har han vore.

Så har eg gått og bede, for kjende og ukjende, for stort og smått, for naud og elende, men og fått takka for alt det gode som eg erfarer.

Stien står der for mitt auge som ei påminning om å gå med Jesus. Det blir ingen sti utan at eg går, men han blir gjerne med, både når eg går åleine i hagen, eller saman med mange, i kyrkje, i bedehus, i familien, med vener, til fjells, på reis, på ferie. Han er heilt nær, og han har alltid tid. Eg vil prøve å gå og når ryggen etter kvart blir god. Det kan du og. Snakk med han når du har tid, kan hende ser du og etter kvart ein sti. Ein sti de kan gå saman. "Ditt ord er ei lykt for min fot, eit lys på min sti".

# Forskjellige dager

(Rita Aasen)

*I sorg  
som kanskje aldri  
forlater deg*

*Han er der*

*Når du blir sviktet  
når du ikke kan gi  
bare ta*

*Han er der*

*I glede og latter  
I fred og håp*

*Jesus er der  
Og Han går i forbønn  
for deg*

*Når du blir forfulgt  
er redd  
usikker  
når du ikke klarer å finne  
lys  
i mørket*

*Han er med deg  
For Han har  
gitt deg  
et løfte*

*SE  
Jeg er  
med deg  
ALLE  
Dager*



Foto: Anne Hardeland

## Redaksjonelt

### "Fitjar Kyrkjeblad"

er Fitjar sokneråd sitt  
informasjonsblad.

### Adresse:

Kyrkjekontoret / rådhuset  
postboks 10, 5418 Fitjar

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet  
gir høve til skattefradrag.

**Frist for innlevering til neste blad er 25. september.  
til [kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)**

### Neste blad

kjem etter planen 8. oktober. Har du tips, stoff eller bilete til  
bladet, er du velkomen til å senda det til oss.

**Trykk:** Prosjektkopi vest

### Redaksjon:

Olav J. Oma (red.)  
Karvel Strømme  
Torill Hartvedt  
Anne Hardeland  
Rolf-Atle Rolfsnes  
Torbjørn Hovland

# 17. maí



**T: Olav J. Oma - F: Torbjørn Hovland**

17. mai vart feira på tradisjonelt vis på Fitjar i år og, sjølv om regnet gjorde sitt for at somme av dei som gjekk i toget skulle mista motet. Det var mange som kjende at det var godt å koma inn i kyrkja finna varmen, synga kjende kjære salmar, lytta til preika og Osternes mannskor.

I kyrkja fekk vi tradisjonen tru sjå og høyre skulekorpset som deltok i byrjinga av gudstenesta, både med preludium og akkompangement til første salmen. Dei mista ikkje motet sjølv om dagen etter kvart måtte bli lang for musikantar som var oppe og ute i regnet før dei fleste av oss hadde sett oss til frukostbordet.

Korpset deltok og etter gudstenesta ved minnestunda framfor kyrkja, då ordførar Wenche Tislevoll talte

og la ned krans ved minnestøtta for dei som fall under krigen. Det var høgtidssamt og flott.



## 2. pinsedagen



**T: Olav J. Oma**

**F: Torbjørn Hovland**

Mange stader er 2. pinsedag gått ut som kyrkjedag. Folk skal reisa heim, eller ein ikkje lenger vand med å gå i kyrkje dag etter dag. Hos oss har vi vald å ha friluftsgudsteneste denne dagen, i samarbeid med Stord Fitjar turlag. I år som i fjor samla vi oss på toppen av brekko som går opp frå Olstjørn. Det er tydeleg at folk set pris på denne tradisjonen for her var vi samla meir enn 100 menneske. Dei kom frå heile Stord øya, og til og med frå USA, for å delta på gudstenesta på fjellet denne dagen, og for å høyre om Anden som hjelper oss til tru.

Flott tonefylgje til songen, og vakkert postludium fekk vi frå Elin Korsvik og systrene Sofie, Marte og Guro Rimmereid, som spelte til gudstenesta.

Vi sleit litt med kommunikasjon om når gudstenesta skulle starta. I avisa stod det 12.00 og på nett 11.00.

Vi beklagar.



# Fitjar har ei av landets eldste kyrkjeklokker

Fredag 5. juni hadde kyrkjetårnet vårt vitjing av Terje de Groot. Han har master i kunsthistorie og diplomeksamen i campanologi (= læra om klokker) og kartlegg norske kyrkjeklokker frå middelalderen på vegne av Fortidsminneforeningen, Riksantikvaren og Kirkelig Arbeidsgiverorganisasjon.

## Torbjørn Hovland

Kyrkjeklokker har ein tusenårig historie i Norge og er ein sentral og symboltung del av vår kristne kulturarv.

Fitjarkyrkja har to klokker, og det var særleg den eldste (og minste) som interesserte Terje.

Denne bronseklokka med høgd 37 cm og diameter 40 cm har slik latinsk inskripsjon; *"Sum prece Christi populi succurre te clamo. Absalon*



"Nye klokka" - frå 1854



*me fecit"* - det tyder "Jeg er Kristi folks herold. Absalon gjorde meg".

Ein svært kunnskapsrik og entusiastisk Terje de Groot meiner at denne klokka kan vera nærare 1000 år gamal, og dermed ei av dei eldste i landet. Den gjorde tidlegare teneste i kyrkja som vart riven ved bygging av noverande kyrkje i 1867, men tid og stad for støypinga er ukjend.

Ut frå fasong, støypeteknikk og andre karakteristika grovrekner Terje de Groot klokka til å vera omlag 200 år eldre enn den som heng i Moster gamle kyrkje.

Då Absalon sveitta ved støypeforma visste han lite om at klokka hans skulle kalla fitjarfolk til Gudsteneste i nærare tusen år.

I glede over desse nye opplysingane skal me likevel ikkje gløyma nyeklokka, sjølve arbeidshesten i kyrkjetårnet. Signert J. F. Becker, Bergen 1854 har ho med sine 324 kg lydd over bygda i gode og vonde dagar.

Og påskifta er stadig like aktuell og klokkeklar;

*«Med malmets klang til mæle,  
jeg raaber i Guds navn  
Vaagn op av søvne, sjæle  
fly til jer frelsers havn.*

# Konfirmantar



Foto: Torbjørn Hovland

## Johannes Olsen og Olav J. Oma

Eit konfirmantår er over, og eit nytt er under oppsegling.

### Dei nye konfirmantane

Dei har nett fått påmeldingspapira. Dei kan sjå fram til eit spennande år der dei skal bli betre kjend med kyrkja, kyrkjelyden, seg sjølv, Gud og Jesus, bibel. Dei skal reisa på leir, ha undervisning, vera på heimegrupper, gå på gudstenester++

Vi gler oss til å bli kjende med dei! Påmelding skjer til kyrkjekontoret no. 6. september vert det presentasjonsgudsteneste, då skal vi få helse på dei.

### Dei gamle konfirmantane

9. og 10. mai var det definitivt slutt på konfirmantåret for 9. klassingane frå Rimbareid. Eit flott år, med mange fine møte og opplevingar både for konfirmantar og vaksne. Nett no hugsar vi best ei flott konfirmasjonshelg med tre gudstenester der kyrkja var full. Det var høgtidsamt då kvar enkelt av konfirmantane kom fram og vart bede for ein om gangen, namna vart nemnde, lys vart tend, og på veg ned fekk alle ei rose som låg å venta i døypefonten.

Det var som ei helsing om at «han som (i dåpen) tok til med ei god gjerning i dykk, han vil fullføra henne heilt til Jesu Kristi dag.»

Dette året var konfirmantane med og sette lokal rekord på innsamlingsaksjonen til Kirkens Nødhjelp med kring 44000,- kroner i bøsseane før påske, og konfirmanthelga kom det inn 16000,- til på gudstenestene. Det var ei flott handsrekking til eit arbeid som i år har vore svært naudsynt. Jordskjelv i Nepal og flyktningar kring Middelhavet.

Vi har og fått gode tilbakemeldingar på heimegruppene, både frå dei som var leiarar og frå konfirmantane. Det var verdfullt å vera saman slik kring kveldsbordet, og få sjanse til å spørja om kva som helst, og bli teken på alvor. Leiren i Etne fekk og svært gode tilbakemeldingar.

Det var og stas med konfirmantfesten etter samtalegudstenesta. God mat og god stemning. Neste år er de med og steller til for neste års konfirmantar.

Vi vil med dette få sei takk, takk til alle som har vore med og bidrege til at konfirmant året har blitt slik det blei. Takk til både konfirmantar og vaksne, og så seier vi på gjensyn!



Framme frå venstre: Lena Skålevik Tislevoll, Marie Bukkøy Langeland, Olav Johannes Oma, Torid Morsund Øygard, Frida Hatlevik Kjerland. 2. rekke: Stine Volden, Anette Skumsnes Drønen, Christina Ringheim Koløen, Stina Vik, Kari Lambach Fitjar, Mette Caroline Alling, Chayenne Berntsen. 3. rekke: Matias Olsen Malkenes, Rea Mitrovic, Malin Tislevoll, Ailin Vik, Maria Helland Bergeland, Marte Rimmereid, Amalie Henriksen, Siri Helle, Helene volden de Fine, Johannes Olsen





4. rekke: (startar midt i ) Fredrik Vik , Martin Eggøy Nilsen, Marius Helland Storebø, Kristian Prestbø, Markus Helland Tislevoll, Torstein Raunholm Kjelling, Jacob Mehammer, Ørjan Larsen, Sander Havn Nesbø, Andreas Skålevik Koløen, Håkon Sørfonn  
Bakerste rekke: Børge Hansen Skaar, Daniel Larsen, Marius Hellen Strand, Mads Kjærland, Andre Lønning, Markus Kongestøl Vik, Jonas Aleksandersen, Arild Fitjar Waage, Jonathan Tranøy, Morten Vedå Ivarsøy, Brede Ottesen Hovland, Steffen Strand Korsnes, Svein Arne Jordan Raunholm, Jon Andreas Aga Hopperstad

Foto: Per Egil Larsen

# Sommartur med diakoninemnda



Foto: Turid Sandvik

## Olav J. Oma

Tysdag 2. juni var vi i diakoninemnda sikre på at veret måtte vera bra. Det var det. Regnet ramla ned med kuling frå søraust slik meldingane sa.

Likevel velta heile flokken på 39 i talet, pluss bussjåfør Birger Grov frå Tide, om bord i bussen. Stemninga var god, praten satt laust, smila og venlege auge gjorde godt. Vi skulle ikkje langt. Vi skulle rundt øya.

Først køyrde vi til Nysæter kyrkje i Sagvåg. Der tok kyrkjetenar Margunn Hannisdal i mot oss, og trur de ikkje at kantoren Bjarte Aadland kom inn og spurde om vi ynskte at han skulle spela til salmane? Det gjorde han. Vi fekk ei god andaktsstund saman med dei to, før vi og fekk ei kort omvisning i kyrkja av Margunn. Fleire i fylgjet hadde ikkje vore her før, men det vart ei god oppleving.

Derfrå gjekk turen til Sunnhordland museum. Der vart vi servert kaffi og nybakt "Trondhjems rose" i museumshallen. Så kom Johanne Øvstebø Tvedten og formidla for oss det avisa Sunnhordland i 2006, kalla ei "kjærleikssoge frå Sævarhagen". Det var romanen "Djup jord"

av Jens Tvedt, ho formidla. Ho fortalde på ein framifrå måte. Etterpå bekrefta fleire at dei tårene eg kjende i auga hadde dei og kjent, også elskhug og hjarteverk reiv i meg, mens ho fortalde.

Sunnhordland museum har elles mykje interessant å visa fram, men vi fekk litt for lita tid denne gongen.

Frå museet gjekk turen via Kjøtteinen og Eldøyane opp over Fjellgardane til Fjellstova der vi skulle spisa middag. Fru Blom, ein av dei som driv staden, tok godt imot oss og fortalde litt av historia til Fjellstova. Her åt vi ein herleg middag, som vart avslutta med karamellpudding. Vi koste oss, song og prata, og hadde ei flott samling saman før bussen tok oss trygt og godt heim igjen.

Eg hørde mange godord etterpå, og håpar mange har lyst til å vera med neste gong diakoninemnda inviterer på diakonitur. Det vert i september, trur eg... følg med!

På vegne av diakoninemnda takkar vi for gåva som vart gjeve til diakoniarbeidet i gravferda til Else Mohn Bukkholm.

# Til konfirmanten

(Bente Bratlund)

Alt ville eg gje deg  
Flytta kvar stein bort frå vegen du skal gå.  
Opna alle portar for deg  
Henga sol over alle dine dagar  
Så veit eg at eit menneske blir edla  
av å falla og reisa seg  
av å møte motstand og sigra  
over sjølv å tenna lys.  
Så gå du den vegen som er der  
Ta dei val som hjartet ditt viser  
Og ber høgreist den du er.  
Aldri gi deg!!  
Du kan!!



Foto: Torbjørn Hovland

## På kyrkjekontoret

### Olav J. Oma

I skrivande stund er det fire tilsette i kyrkja på arbeid. Det er Kristian Skumsnes, Harald Rydland og Olav J. Oma. Den fjerde er Marte Rimmereid som begynte å vaska i kyrkja like før konfirmasjonane, vi gler oss over henne.

Kyrkjelydspedagogane våre er i permisjon, og Vigdis Aarre Olsen som har vore uløna sekretær på kontoret dei siste åra har sagt stillinga frå seg. Vi har sett stor pris på tenesta ho har gjort og er takksame for at ho har vore med oss.

No har vi tilsett Johannes Olsen i eit vikariat for kyrkjelydspedagog frå 01. august, og vi gler oss til å få han med oss i arbeidet. Elles er der fleire kvalifiserte søkjarar til organist stillinga, og vi håpar på ei tilsetning i denne stillinga og før sommaren.

Vi ser med spenning fram til hausten.

## Det nye kyrkjeorgelet

### Harald Rydland

Før sommarferien skal det avgjerast kven som skal byggja det nye orgelet i Fitjar kyrkje. Tilboda me har fått frå orgelbyggerane viser at me vil få eit framifrå instrument som kyrkjelyden kan ha glede av i fleire generasjonar framover.

Orgelet skal etter planen vera på plass i løpet av jubileumsåret 2017.

Det er ei målsetjing at kyrkjelyden sjølv skal samla inn kr. 1.000.000,- til det nye orgelet. Før innsamlingskomiteen for alvor har starta arbeidet, er det til no komme inn kr. 237.602,- i

gåver. Berre så langt i år har det komme inn ca. kr. 120.000,-.

Me er svært takksame for at bygdefolket viser omsut for kyrkja og det nye orgelet. Denne gangen vil me særleg takka Fitjar Husflidslag, Fitjar Pensjonistlag, Fitjar Bygdekvinnelag og 70-årsjubilanten Solveig Rimmereid for flotte bidrag.

# Kyrkjevalet 2015

På same tid og stad som val av kommunestyre 14. september, skal det i år også veljast eit nytt sokneråd for 4 år.

## Anne Hardeland

Valnemnda har funne fram til 16 gode kandidatar som vert presenterte i dette nummeret av Kyrkjebladet. Det er blitt ei god fordeling av kvinner og menn, unge og eldre. 13 representantar skal veljast, 8 faste medlemmer og 5 varamedlemmer.

Alle som er oppførde som medlemmer av Den norske kyrkja, og som fyller 15 år eller meir i løpet av 2015, kan røysta. Førhandsrøysting kan skje i Rådhuset frå 10. august. Alle røysteføre vil få tilsendt eit valkort før førhandsrøystinga tek til.

Oppgåvene til soknerådet er mange og varierte. Me kan nemna trusopplæring, diakonalt arbeid, gudstenester, kyrkjemusikk, ofring, utleige av kyrkja, uttalerett ved tilsetjing av prest, prost og biskop, samarbeid med frivillige og langsiktig planlegging av kyrkjelyden sitt arbeid. Som nemnt i forrige kyrkjeblad vil det denne perioden verta arbeid vidare med 150 års jubileet til kyrkja og å få på plass nytt kyrkjeorgel. Korleis kyrkja skal organiserast i framtida vil også få fokus.

Soknerådet er eit viktig forum der dei einskilde medlemmene også kan ta opp saker dei er opptekne av. Me vonar at mange nyttar seg av røysteretten sin og dermed er med å påverka arbeidet og utviklinga i kyrkjelyden dei neste 4 åra.

Godt val!



**Galleri  
Flora as**

Opningstider:  
Måndag - onsdag ..... 09.00 - 16.30  
Torsdag - fredag ..... 09.00 - 18.00  
Laurdag ..... 09.00 - 15.00

Midt i Larsenbygget, Fitjar sentrum  
Tlf. 53 49 95 00

---

**Blomster - Gaver - Gravminner**

# Kandidatliste

## soknerådsvalet i Fitjar sokn 2015

- 1 Terje Havro , 1964, Fysioterapeut
- 2 Helga Olsen Aadland, 1978, Lærar
- 3 Rasmus Fitjar, 1944, Pensjonist
- 4 Bodil Nesse, 1946, Pensjonist
- 5 Gunnvald Aarbø, 1968, Forskalingssnikkar
- 6 Sigrid Marie Fangel, 1961, Fysioterapeut
- 7 Sindre Aarbø, 1997, Skuleelev
- 8 Solbjørg Tverderøy, 1968, Barnehageass./eigar
- 9 Peder Rygg Drønen, 1943, Pensjonist
- 10 Aase Rygg Nøttveit, 1960, Landbrukskonsulent
- 11 Karvel Atle Strømme, 1940, Pensjonist
- 12 Else Marit M. Koløen, 1969, Førskulelærer
- 13 Arne Prestbø, 1968, Snikkar
- 14 Mette Lambach, 1962, Lærar
- 15 Tove H. L. Aarskog, 1953, Underdir. i Skatteetaten
- 16 Sigrund E. K. Westerheim, 1958

## Takkoffer februar - mai

- |        |          |   |
|--------|----------|---|
| 01.02. | 3.747,-  | Bibelselskapet                                    |
| 08.02. | 6.578,-  | Bibelmisjonsarbeidet i Egypt                      |
| 15.02. | 4.081,-  | Kyrkjelydsarbeid                                  |
| 22.02. | 5.207,-  | Normisjon   |
| 01.03. | 4.944,-  | Kirkens SOS                                       |
| 08.03. | 7.973,-  | Kyrkjelydsarbeidet                                |
| 11.03. | 4.080,-  | Nytt orgel  |
| 15.03. | 4.471,-  | Kirkens bymisjon                                  |
| 22.03. | 7.973,-  | Kirkens Nødhjelp                                  |
| 29.03. | 6.190,-  | Acta  |
| 02.04. | 7.852,-  | Stefanusalliansen Syria/Irak                      |
| 02.04. | 2.685,-  | Øvrebygda bedehus                                 |
| 05.04. | 12.358,- | Israelmisjonen kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt   |
| 06.04. | 3.428,-  | Dåfjord bedehus                                   |
| 19.04. | 7.702,-  | Barnegospel                                       |
| 26.04. | 6.643,-  | IKO   |
| 03.05. | 3.920,-  | Laget, NKSS                                       |
| 09.05. | 4.194,-  | Kirkens Nødhjelp                                  |
| 09.05. | 4.487,-  | Kirkens Nødhjelp                                  |
| 10.05. | 8.035,-  | Kirkens Nødhjelp                                  |
| 17.05. | 8.826,-  | Kyrkjelydsarbeid                                  |
| 24.05. | 8.906,-  | Israelmisjonen kyrkjelyden sitt misjonsprosjektet |
| 31.05. | 5.049,-  | Maritastiftelsen                                  |
| 07.06. | 5.568,-  | Ungdom i Oppdrag                                  |

# Temakvelder hausten 2015



**06.august. 19.30**

"I flomålet"  
konsert med  
Ola Bremnes og  
Petter Dass



**22. oktober 19.30**

"Midt i livet" -  
musikalsk  
kjøkkenbordsfilosofi  
ved Bodil og Runar  
Kvernenes Nørsett



**27. august  
19.30**

Lyset og skuggen er  
sysken på jorda"  
Åshild Ulstrup



**1. november 17.00**

"Son of God"  
messe for kor,  
saksofon, orgel og  
dansar med  
St.Sunniva og Alfa  
Trio



**06.september**

"Som skrevet står"  
Svein Tindberg



**26. november  
19.30**

"Tro og lidelse - er  
Gud tilliten verdig"  
Torborg Aalen  
Leenderts



**24. september  
19.30**

Konsert ved  
Rune Alver, klaver



**18.desember 19.30**

Julekonsert  
Marianne Juvik Sæbø  
og  
Terje Kleppe



**EL-PROFFEN**

www.los-elektro.no  
firmapost@los-elektro.no  
53 42 21 00



Tlf.: 53 45 89 70 - Fax.: 53 45 89 80  
Internett: www.mestervindu.no

[www.veterinaerslettebo.no](http://www.veterinaerslettebo.no)



Ring for timebestilling  
53 22 23 30 /  
92 22 31 47

Åpningstider:  
man-tor: 9.00-16.00  
tir: 18.00-20.00



VETERINÆR SLETTEBØ AS



95871570 HANS

**||| GSE SANDVIK AS**  
55 60 18 20



**FITJAR  
SJØ OG CAMPING**

Din Catering leverandør

Telefon:  
41 42 80 38 (Randi)  
E-post:  
fitjarcamping@haugnett.no

VAREHUSET *Velkommen til ein triveleg handel på Fitjar*

**RYDLAND**

lyd og bilde - telefoni - kvitevarer - møbler - gaveartikler mm.

53 49 73 07  
53 49 73 09

[www.rydland.as](http://www.rydland.as) [post@rydland.as](mailto:post@rydland.as)

**EURONICS**  
tagmøbler

**joker**  
- Rydland 53 49 74 40

**Duo**

No kan du bestille time på nett:  
[www.ledigtime.no](http://www.ledigtime.no)

OPNINGSTIDER:

Man-tys-fre: ..... 9-16  
Ons-tor: ..... 9-18  
Laurdag: ..... 10-14

Tlf. 53 49 79 72



OPNINGSTIDER  
Mån, tirs, fre: ..... 9-16  
Ons, tors: ..... 9-18  
Laur (kun drop-in): 10-13

*Fiks frisyren  
hos oss!*

Treff oss i 2. etg  
i Larsen bygget

For timebestilling ring:  
**53 49 78 90**

**AARBØ & KORSVIK  
FORSKALING**

TLF:  
916 46 123



**GRØNAVIKJØ UTVIKLING AS**  
Vestbøstad - 5419 Fitjar  
90 12 02 81



**STEINGARD AS**  
Postboks 11, 5418 FITJAR  
Telefon 916 67961

**SJØTROLL**

Sjøtroll Havbruk AS  
Vestbøstad - 5419 Fitjar  
919 11 800

**Vesthaugane**

www.rasmusfitjar.no  
Telefon: 53 49 74 34 - 91 82 41 58



Mobilnr:  
975 02381



**Engesund  
Fiskeoppdrett**  
Visningsenter  
Mobilnr: 951 89950

# Fitjar-Posten

E-POST: tips@fitjarposten.no - MOB: 481 51 491

[www.fitjarposten.no](http://www.fitjarposten.no)



## FITJAR

småbåt & fritidsservice

- Me kan fritid

Årskog, 5419 Fitjar 944 30 500 <http://www.fitjarbaat.no/>



53 45 72 00

53457220  
(fax)

Fitjar Mekaniske Verksted AS

## Ole Kvernenes Båtbyggeri A/S

NYBYGG –  
REPARASJONAR –  
MONTERING.



SLIPP INNTIL 80 FOT

Tlf. 534 97187 – 5419 Fitjar

# SPAR



Sko – Gåver – Leiker

Kom: Norsk Tipping  
Rikstoto

Tlf. 53 49 71 61

# VB

VARME & BAD

## Hatlevik Rør AS

Tlf: 53 49 93 15

## Videoen Kiosk



Fitjar  
FJORDHOTELL  
Tlf. 53 45 77 00

## Vågen's kro

48 04 19 09



## Engevik & Tislevoll a.s

Byggmester og Entreprenørfirma  
Tlf. 53457300. Fax. 53457310

# REMA 1000

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50



## Aarskog Elektro

AUT. ELEKTROENTREPRENØR – 5419 FITJAR  
TLF. 53 49 71 00 – MOB. 40 40 41 45

## ODDVAR VOLDEN

Transport – Kraning

5419 Fitjar

Tlf. 53497466 – mob 908 42414




## AUTO SERVICE AS

Tlf. 53 49 71 21

Godkjend bilverkstad EØS-kontrollar

Kirkens SOS



## Sparebanken Vest

- satsar på Vestlandet

Avd. Fitjar – Tlf. 0555

## Susflidskroa

Tlf: 53 49 79 60

Visjonen til Bjørgvin bispedøme er: Saman vil vi ære Den treeinige Gud ved å forkynne Kristus, byggje kyrkjelydar og fremje rettferd.



## Døypete

### 3. mai

Marius Helland Storebø  
Teodor Helland Bremskau  
Agnes Olsen Storevik

### 24. mai

Bjørg Bergesen Skålevik

### 7. juni

Gustav Huus Koløen  
Kristoffer Huus Koløen  
Jonas Matre Torvund



## Vigte

### 23. mai

Mai Helene Korsvik og  
Kristian Isdahl

### Gudstenesteliste:

21.06. 4 sit	11:00	Hovedgudsteneste ved Olav J. Oma, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet
28.06. 5 sit	11:00	Hovedgudsteneste ved Nobukazu Imazu, Takkoffer: Framnes KVG8
05.07. Apost	11:00	Hovedgudsteneste ved Kristin Winlund, Takkoffer: MF
12.07. 7 sit	11:00	Hovedgudsteneste ved Jørgen Knudsen, Takkoffer: NMS
19.07. 8 sit	11:00	Hovedgudsteneste ved Jens Fredrik Brenne, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet
26.07. 9 sit	11:00	Hovedgudsteneste ved vikar, Takkoffer: Kirkens Bymisjon
02.08. 10 sit	11:00	Hovedgudsteneste ved Olav J. Oma, Takkoffer: Kirkens SOS
06.08.	19:30	Temakveld/konsert: "I flomålet" - Ola Bremnes og Petter Dass
09.08. 11 sit	11:00	Kaien, Fitjarfestivalen ved Olav J. Oma, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet
16.08. 12 sit	11:00	Hovedgudsteneste ved Olav J. Oma, Takkoffer: Normisjon
23.08. 13 sit	11:00	Hovedgudsteneste ved vikar, Takkoffer: Indre Sjømannsmisjon
27.08.	19:30	Temakveld: Lyset og skuggen er sysken på jorda, Åshild Ulstrup
30.08.	11:00	Breiavikjo Søndagsskulens dag saman med korpset
06.09. 15 sit	11:00	Hovedgudstjeneste med presentasjon av konfirmantar ved Olav J. Oma Takkoffer: IKO
06.09. 15 sit	17:00	Temakveld: Som skrevet står, Svein Tindberg
13.09. 16 sit	11:00	Hovedgudsteneste ved vikar, Takkoffer: Sjømannskirken
20.09. 17 sit	11:00	Hovedgudsteneste med 50 årskonf ved Olav J. Oma Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet ungdom
24.09.	19:30	Temakveld/konsert med Rune Alver
27.09. 18 sit	11:00	Hovedgudstjeneste med 4 årsbok ved Olav J. Oma Takkoffer: Kirkens Nødhjelp Syria
04.10. 19 sit	11:00	Hovedgudstjeneste ved Olav J. Oma, Takkoffer: NLM
11.10. 20 sit	11:00	Hovedgudstjeneste ved vikar, Takkoffer: NLA
18.10. 21 sit	11:00	Hovedgudstjeneste hausttakkefest ved Olav J. Oma Takkoffer: TV-aksjonen Regnskogfondet
22.10. Torsdag	19:30	Temakveld med Bodil og Runar Kvernenes Nørsett
25.10. BoB	11:00	Øvrebygda bedehus Hovedgudstjeneste ved Olav J. Oma
31.10. Lø e BoB	17:00	Konsert St. Sunniva (kor)